DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

Prop. 23 S

(2026–2027)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2026 under Utanriksdepartementet

Tilråding frå Utanriksdepartementet 20. november 2026, godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)

1 Samandrag

Under programområde 02 *Utanriksforvaltning* blir det gjort framlegg om å redusere løyvingane med 2,8 mill. kroner. Reduksjonen har i hovudsak samanheng med at Noregs pliktige bidrag til internasjonale organisasjonar vart lågare enn venta. Samstundes aukar løyvingane under EØS-finansieringsordningane med 70 mill. kroner samla.

Under programområde 03 *Internasjonal bistand* tilseier nye overslag at flyktningutgiftene i Noreg som kan godkjennast som internasjonal bistand (ODA), blir lågare i år enn det som vart lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett for 2026. Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 580,2 mill. kroner. Av dette blir 522,2 mill. kroner omprioritert til annan bistand under Utanriksdepartementet, medan 58 mill. kroner blir omprioritert til Klima- og skoginitiativet under Klima- og miljødepartementet.

I tillegg er det også andre reduksjonar i anslag på tilsaman 67,6 mill. kroner på Utanriksdepartementet sitt bistandsbudsjett. Samla utgjer dette 589,8 mill. kroner som blir omprioritert til annan bistand på Utanriksdepartementet sitt område. Regjeringa prioriterer auka støtte til Palestina, styrkt innsats for rettskamp og innsats for å redde liv og lindre naud i fleire delar av verda.

Bistandsbudsjettet i 2026 utgjer etter dette om lag 56,8 mrd. kroner, som svarar til 1 pst. av anslaget for bruttonasjonalinntekt (BNI) lagt til grunn for 2026-budsjettet.

2 Programområde 02 Utanriksforvaltning

Statsgravferda for Kong Harald V

Etter H.M. Kong Harald V sin bortgang 28. august 2026 vart det arrangert ei statsgravferd 9. september 2026. Utanriksdepartementet var ansvarleg for å koordinere gjennomføringa av statsgravferda, i tett samarbeid med mellom anna Justis- og beredskapsdepartementet, Forsvarsdepartementet, tryggingstenestene og Oslo kommune. Statsgravferda var ein ekstraordinær og omfattande protokollær, tryggings- og logistikkoperasjon. Godt over 9 000 personar frå offentlege og private aktørar arbeidde med planlegging, sikring og gjennomføring av statsgravferda, mellom anna frå politiet, Forsvaret, Utanriksdepartementet, Oslo kommune, Avinor, fleire hotell og andre leverandørar.

Gravferda hadde deltaking frå 87 land. Blant dei utanlandske gjestane var 17 presidentar, fem statsministrar eller regjeringssjefar, 42 medlemmer av utanlandske kongehus og 35 ambassadørar eller tilsvarande diplomatiske representantar. 860 gjestar deltok på seremonien i Oslo

domkyrkje. Regjeringa si mottaking i Oslo rådhus etter gravferdsseremonien samla om lag 400 utanlandske gjestar og representantar frå det offisielle Noreg. Samla sett var dette ei av dei største samlingane av utanlandske statsoverhovud, regjeringssjefar og kongelege gjester ved éi einskild hending i Noregs historie.

Det var i tillegg stor nasjonal og internasjonal medieinteresse. Utanriksdepartementet tok imot om lag 650 søknadar frå pressefolk frå 19 land om å dekkje gravferda.

Utgiftene for statsgravferda er berekna til 279,3 mill. kroner ekskl. meirverdiavgift. Gjennomføringa omfatta svært mange leveransar og aktørar, og for nokre av desse ligg det enno ikkje føre endeleg faktura. Eventuelle ekstra utgifter som ikkje er medrekna i det samla beløpet på 279,3 mill. kroner, vil måtte dekkjast innanfor dei relevante løyvingene. Av totalbeløpet gjeld 123,5 mill. kroner politiet og Politiets tryggingsteneste. Totalt 3 000 tilsatte deltok i operasjonen og det måtte hentast inn ekstra ressursar frå andre politidistrikt for å bistå Oslo politidistrikt, jf. proposisjon om endringar i statsbudsjettet 2026 under Justis- og beredskapsdepartementet. 74,9 mill. kroner gjeld i hovudsak Forsvaret sine utgifter for over 3 500 personell, jf. proposisjon om endringar i statsbudsjettet 2026 under Forsvarsdepartementet. 1,4 mill. kroner gjeld Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa, jf. proposisjon om endringar i statsbudsjettet 2026 under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Utgiftene under Utanriksdepartementet er berekna til 79,7 mill. kroner ekskl. meirverdiavgift. Enkelte av utgiftene gjeld fellesleveransar som støtta opp under den samla gjennomføringa, og som Utanriksdepartementet dekkjer på vegne av fleire av aktørane. Tryggingskrava var ein gjennomgåande kostnadsdrivar. Størsteparten av dei samla utgiftene er knytte til tryggingstiltak, både som direkte utgifter til vakthald og tryggingskontrollar og som ein del av andre utigfter, mellom anna til hotell, transport, flyplasshandtering og bruk av Oslo rådhus.

Det store talet på utanlandske delegasjonar medførte ein omfattande mottaks- og transportoperasjon. Det vart etablert eit eige mottakssenter på Gardermoen, som eit kontrollert og sikkert mellomledd mellom flyplassområdet og vidare transport til og frå Oslo. Mottakssenteret var sentralt for at flyplassen kunne oppretthalde normal drift samstundes som tryggleiken vart vareteken. Tryggingsomsyna gjorde det naudsynt å transportere utanlandske og norske gjestar til gravferda mellom dei ulike stadane. Til saman vart 108 køyretøy nytta til transport av gjestar og delegasjonar, inkludert 35 bussar. Utgiftene til mottak, transport og deltakarhandtering utgjorde om lag 29,8 mill. kroner.

Hotellutgiftene på om lag 25,6 mill. kroner må òg sjåast i samanheng med tryggingskrava. To hotell i Oslo sentrum, Radisson Blu Plaza Hotel og Grand Hotel, måtte kjøpast ut og disponerast over fleire dagar for tryggingssøk og for å sikre områda for gjestane. På Plaza vart òg andre delar av hotellet og garasjen nytta av politiet i gjennomføringa av operasjonen, mellom anna til operasjonskommandoen.

Utgiftene til seremonien i Oslo domkyrkje, inkludert mellom anna vakthald og kulturelle innslag, bruken av Oslo rådhus med tryggingskontroll for om lag 700 gjestar, regjeringa si samling på ettermiddagen, pynting og flagging i byen, samt handtering av kommunikasjon og presse, var på om lag 22,4 mill. kroner. I tillegg er det berekna om lag 1,9 mill. kroner i ekstraordinære overtidskostnader for tilsette i Utanriksdepartementet, med rundt 80 personar knytte til gjennomføringa.

Dekking av Utanriksdepartementet sine utgifter

Utanriksdepartementet har eit samla driftsbudsjett på om lag 5 mrd. kroner, og om lag 40 pst. av dette går til å dekkje utgifter ved dei 90 utanriksstasjonane til Noreg. Desse utgiftene blir i dei fleste tilfelle betalte i lokal valuta. Den norske krona har gjennom 2026 styrkt seg markant mot dei fleste valutaene utanrikstenesta er eksponert mot, mellom anna euro og amerikanske dollar. Dette har ført til lågare utgifter målt i norske kroner enn det som elles ville vore tilfelle.

Mindreutgiftene som følgje av valutakursutviklinga gir i 2026 rom for å dekkje dei ekstraordinære utgiftene Utanriksdepartementet har hatt i samband med statsgravferda på 79,7 mill. kroner innanfor gjeldande løyving. Det blir derfor ikkje gjort framlegg om å auke departementets budsjett til dette formålet.

Kap. 100 Utanriksdepartementet

Post 01 Driftsutgifter

Som følgje av innflyttinga i det nye regjeringskvartalet blir husleige- og felleskostnader til Utanriksdepartementet for bygg departementet har flytta ut av, reduserte med 21,9 mill. kroner i 2026. Midlane blir førte tilbake til statskassa.

Klima- og miljødepartementet sin stilling som spesialutsending for klima og skog i Peru vart avvikla frå august 2026. Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 1,3 mill. kroner mot ein tilsvarande auke under Klima- og miljødepartementet sitt kap. 1482 *Internasjonale klima- og utviklingstiltak*, post 01 *Driftsutgifter*.

Som følgje av at ansvaret for bilaterale handelsavtalar og EFTA sine forhandlingar med tredjeland vart overført frå Nærings- og fiskeridepartementet til Utanriksdepartementet i juni 2026, blir det gjort framlegg om ei overføring på 5,4 mill. kroner frå Nærings- og fiskeridepartementet sitt kap. 900, post 01 *Driftsutgifter*, til denne posten. Dette skal dekkje løn og driftsutgifter for dei tilsette som vart overførte i 2026.

Samla blir det gjort framlegg om å redusere løyvinga med 17,8 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 1 mill. kroner mot tilsvarande auke av kap. 118, post 74 *Forsking, dialog og menneskerettar m.m.* for å gi eit tilskot til Utsyn – Senter for sikkerhet og totalforsvar i samband med prosjektet *Rebuilding Trust.* Sjå omtale på kap. 118, post 74.

Kap. 3100 Utanriksdepartementet

Post 02 Gebyr for utlendingssakar ved utanriksstasjonane

Det har kome færre ordinære søknadar om Schengen-visum enn venta ved utanriksstasjonane i 2026. Talet på søknadar om opphaldsløyve har og vore lågare enn venta i år.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 56,5 mill. kroner.

Kap. 103 Regjeringas representasjon

Post 01 Driftsutgifter

Utanriksdepartementet har hatt høgare utgifter enn venta på posten i år. Det skuldast at departementet i løpet av året har vore nøydd til å handtere fleire politisk høgt prioriterte besøk og arrangement som det ikkje var planlagd og budsjettert for.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 2 mill. kroner, mot tilsvarande reduksjon under kap. 104 *Kongefamilien sine offisielle reiser til utlandet*, post 01 *Driftsutgifter*.

Kap. 104 Kongefamilien sine offisielle reiser til utlandet

Post 01 Driftsutgifter

Utanriksdepartementet har hatt lågare utgifter enn venta på posten i år. Medlemmene i kongefamilien har hatt lågare reiseaktivitet enn venta så langt i år. Mellom anna er besøk avlyste denne hausten etter Kong Haralds bortgang.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 2 mill. kroner mot tilsvarande auke under kap. 103 *Regjeringas representasjon*, post 01 *Driftsutgifter*.

Samla blir det gjort framlegg om å redusere løyvinga med 4 mill. kroner.

Kap. 115 Næringsfremme, kultur og informasjon

Post 71 Næringsfremme, kan overførast, kan nyttast under post 22

Utanriksdepartementet har hatt høgare utgifter enn venta på posten. Dette kjem av at den siste utbetalinga til prosjektet *Arctic Ignite,* med mål om å bidra til at unge gründerar i Nord-Noreg skal lukkast internasjonalt, vart belasta denne posten i år. Avtala for dette prosjektet var opphavleg inngått med tilskot frå kap. 118 *Utanrikspolitiske satsingar*, post 70 *Nordområda og Antarktis,* men denne posten vart avvikla i statsbudsjettet for 2026.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 1,95 mill. kroner, mot tilsvarande reduksjon under kap. 118 *Utanrikspolitiske satsingar*, post 21 *Spesielle driftsutgifter.*

Kap. 116 Internasjonale organisasjonar

Post 70 Pliktige bidrag

Utbetalingane til FNs fredsbevarande operasjonar blir reduserte med om lag 37 mill. kroner samanlikna med anslaget etter revidert nasjonalbudsjett for 2026. Bidraget til EFTA-sekretariatet blir redusert med om lag 8 mill. kroner, i hovudsak som følge av styrka kronekurs. Det er òg mindre justeringar i andre kontingentar, mellom anna grunna valutaendringar.

Samla blir det gjort framlegg om å redusere løyvinga med 48 mill. kroner.

Kap. 117 EØS-finansieringsordningane

Post 79 EØS-finansieringsordninga 2021–2028, kan overførast

Post 80 Den norske finansieringsordninga 2021–2028, kan overførast

Det er behov for å auke løyvinga på begge postane for å dekkje utbetalingane som er gjennomførte innanfor fullmakt til å overskride gjevne løyvingar, jf. romertallsvedtak III, punkt 2 i Prop. 1 S (2025–2026) for Utanriksdepartementet og Innst. 7 S (2025–2026).

Meirbehovet skuldast mellom anna auke i utbetalingane til Polen og Slovakia innan programma for justis, grøn omstilling, kultur og sosiale tiltak. Det er òg ein auke i utbetalingane til Sivilsamfunnsfondet.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 38 mill. kroner under post 79 og 32 mill. kroner under post 80.

Auken er innanfor den samla avtalte ramma for EØS-finansieringsordningane.

Kap. 118 Utanrikspolitiske satsingar

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 71, 72, 73 og 76

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 1,95 mill. kroner, mot tilsvarande auke under kap. 115 *Næringsfremme, kultur og informasjon*, post 71 *Næringsfremme*. Sjå omtale under kap. 115, post 71.

Post 74 Forsking, dialog og menneskerettar m.m.

Det blir gjort framlegg om å gi eit tilskot til Utsyn – Senter for sikkerhet og totalforsvar i samband med prosjektet *Rebuilding Trust.* Utsyn er ein politisk uavhengig og ikkje-kommersiell organisasjon som mellom anna arbeider med rolla til sivilsamfunnet i demokratiet og eit berekraftig ordskifte. Prosjektet *Rebuilding Trust* har som formål å styrkje nettverksbygging mellom norske og israelske aktørar innanfor akademia og sivilsamfunn.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 1 mill. kroner mot tilsvarande reduksjon under kap. 100, post 21 *Spesielle driftsutgifter*.

Post 77 Noregs forskingsråd – utanriksområdet

Som følgje av nye overslag frå Noregs forskingsråd er det eit mindreforbruk på posten. Mindreforbruket er i hovudsak knytt til forseinkingar i utbetalingar til finansierte prosjekt som følgje av overgang til etterskotsvis fakturering. Sjå ytterlegare omtale i proposisjon om endringar i statsbudsjettet 2026 under Kunnskapsdepartementet.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga på posten med 5 mill. kroner.

Samstundes blir det gjort framlegg om å justere tilsegnsfullmakta på posten med 5 mill. kroner, frå 214,2 til 219,2 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak II.

3 Programområde 03 Internasjonal bistand

Kap. 144 Norsk senter for utvekslingssamarbeid (Norec)

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Norec har eit mindreforbruk knytt til evaluering av norsk bistand i år, etter at evalueringsfunksjonen vart overført frå Norad i Oslo til Norec i Førde. Dette skuldast i hovudsak at evalueringsfunksjonen framleis er under oppbygging, og at enkelte utbetalingar kan bli forseinka og først kome til utbetaling i 2027.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 4 mill. kroner.

Kap. 150 Humanitær bistand

Post 70 Naudhjelp og humanitær bistand, kan overførast

Humanitær bistand

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga til naudhjelp og humanitær bistand med 207,8 mill. kroner for å bidra til rask og effektiv respons på aukande humanitære behov i ei tid med historisk høge behov og omfattande underfinansiering av humanitære kriser. Midlane skal nyttast til akutte og underfinansierte kriser, mellom anna respons på ebolautbrot, klimarelaterte katastrofar og naudsynte fellestenester. Auken vil gjere det mogleg å setje inn livreddande hjelp raskt ved nye kriser og styrkje innsatsen der behova er størst, også i kriser som får avgrensa internasjonal merksemd.

Midlane vil mellom anna kunne bli kanaliserte gjennom etablerte internasjonale responsmekanismar med dokumentert evne til å levere rask og effektiv naudhjelp, som FNs naudhjelpsfond (CERF). Dette bidreg til at livreddande hjelp kan nå raskt fram ved nye og forverra kriser, sam-

stundes som innsatsen blir fordelt etter behov og i tråd med dei humanitære prinsippa.

Skogbrannhelikopterberedskap

Utgifter til skogbrannhelikopterberedskapen i Noreg blir administrerte av Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB). I 2026 har det vore store skogbrannar fleire stader i Europa og DSB hjelpte òg Belgia med skogbrannhelikopter under den omfattande skogbrannen i landet i august. Regjeringa gjer framlegg om at meirutgifter knytte til bistanden til Belgia i 2026 blir dekte av budsjettet for humanitær bistand. Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga på kap. 451 *Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap,* post 21 *Særskilde driftsutgifter* med 3,97 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon under kap. 150, post 70 *Naudhjelp og humanitær bistand*.

Samla blir det gjort framlegg om å auke løyvinga med 203,8 mill. kroner.

Kap. 151 Fred, tryggleik og globalt samarbeid

Post 73 FNs innsats for reform og fredsbygging, kan overførast

FN sin spesialrepresentant for seksuell vald i konfliktar har fått kutta all støtte frå USA, som har vore den viktigaste givaren. Spesialrepresentanten har no ikkje midlar til å utarbeide den årlege rapporten sin, som er verdssamfunnet sitt viktigaste verktøy for dokumentasjon av konfliktrelatert seksuell vald. Rapporten er eit viktig referansedokument, mellom anna for Tryggingsrådet. Eit støttebeløp på 5 mill. kroner er tilstrekkeleg til å sikre at rapporten kan givast ut òg i 2027.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 5 mill. kroner.

Post 74 Pliktige bidrag til FN-organisasjonar m.m.

Utbetalingane til FNs fredsbevarande operasjonar blir om lag 15 mill. kroner lågare enn i revidert nasjonalbudsjett for 2026. Det er òg venta lågare bidrag til mellom anna Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE) og Den internasjonale arbeidsorganisasjonen (ILO). Andre bidrag blir justerte noko, mellom anna som følgje av valutaendringar.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 19,8 mill. kroner.

Kap. 152 Menneskerettar

Post 70 Menneskerettar, kan overførast

Jobbskaping er ei viktig prioritering for regjeringa, og anstendig arbeid står sentralt i denne satsinga. Eit auka bidrag til Den internasjonale arbeidsorganisasjonen (ILO) på 20 mill. kroner vil bidra til å fremje arbeidstakarrettar gjennom trepartssamarbeid og gjennomføring av internasjonale arbeidsstandardar.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 20 mill. kroner.

Kap. 159 Regionløyvingar

Post 70 Midtausten, kan overførast

Løyvinga vil for ein stor del gå til tiltak i Palestina. Situasjonen, både i Gaza og på Vestbreidda, er framleis svært alvorleg, med store, udekte behov. Støtta vil i første rekkje gå gjennom Palestinian Fund for Reconstruction and Development (PFRD). Dette verdsbankfondet er eit fleksibelt fond som kan bidra både til å støtte palestinske styresmakter, og etter planen er viktig for gjenoppbygginga av Gaza. Auka norsk bidrag til fondet kan òg gjera at fleire land gir meir.

Det blir òg gjort framlegg om å auke kjernestøtta til FNs hjelpeorganisasjon for palestinske flyktningar (UNRWA) grunna den vanskelege økonomiske situasjonen til organisasjonen og den viktige rolla organisasjonen spelar for palestinske flyktningar i Midtausten. Avgrensa støtte vil òg gå til andre land med gjenoppbyggingsbehov i regionen, mellom anna Syria.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 150 mill. kroner.

Post 76 Asia, kan overførast

Ein stor del av ei auka løyving i 2026 vil gå til å styrkje den eksisterande avtalen med Den asiatiske utviklingsbanken (ADB) om utbygging av straumforsyning i den fattige Karnali-provinsen i Nepal. Avtalen bidreg til økonomisk utvikling og jobbskaping i landet. Dette er særleg viktig i ein krevjande periode etter den nylege katastrofeflaumen. Den auka løyvinga vil vidare nyttast til å styrkje innsatsen for grunnleggjande helsetenester, mattryggleik og jobbskaping i Myanmar gjennom to lokale fleirgivarfond.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 32 mill. kroner.

Post 77 Latin-Amerika og Karibia, kan overførast

Løyvinga vil nyttast til tiltak for å bremse den kraftige auken i rekrutteringa av mindreårige til væpna grupper i Colombia. Jordskjelvet i august har gjort trongen for tiltak mot rekruttering av barn meir akutt. Nær 4 000 skulebygg vart skadde. Barn som blir ståande utanfor skulen er særleg utsette for rekruttering, særleg i område prega av konflikt med svakt statleg nærvær og få alternativ for barn og unge. Rekruttering gjennom sosiale medium gjer utfordringa endå meir krevjande. Ei auka norsk løyving kan bidra til å få barn tilbake til trygge skular, styrkje lokale tiltak og gi unge reelle alternativ til væpna grupper og ulovlege økonomiar.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 10 mill. kroner.

Kap. 161 Utdanning, forsking og offentlege institusjonar

Post 70 Utdanning, kan overførast

Auka løyving vil mellom anna bli nytta til finansiering av FN sitt barnefond (UNICEF) sitt arbeid for utdanning i krise- og konfliktsituasjonar, og i andre land med store behov innan utdanning. Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 50 mill. kroner.

Post 74 Noregs forskingsråd – utviklingsområdet

Som følgje av nye anslag frå Noregs forskingsråd er det eit mindreforbruk på posten. Mindreforbruket er i hovudsak knytt til forseinkingar i utbetalingar til finansierte prosjekt som følgje av overgang til etterskotsvis fakturering. Sjå ytterlegare omtale i proposisjon om endringar i statsbudsjettet 2026 under Kunnskapsdepartementet.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 40 mill. kroner. Samstundes blir det gjort framlegg om å justere tilsegnsfullmakta på posten med 40 mill. kroner, frå 767,1 til 807,1 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak II.

Kap. 162 Næringsutvikling, matsystemer og fornybar energi

Post 71 Mattryggleik, fisk og landbruk, kan overførast

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 40 mill. kroner. Midlane skal mellom anna støtte Integrated Food Security Phase Classification (IPC), eit globalt klassifiseringssystem for analyse av akutt matvareutryggleik og underernæring. IPC-skalaen er eit verktøy for å betre analysar for mattryggleik. Skalaen samanstiller informasjon om mattryggleik, ernæring og livsgrunnlag til ei vurdering av arten og alvorsgraden til ei krise og kva dette inneber for den strategiske responsen. Mellom anna Verdas matvareprogram (WFP) og FNs organisasjon for ernæring og landbruk (FAO) spelar sentrale roller i IPC sine analysar. Analysane blir nytta av både humanitære aktørar og utviklingsaktørar til å førebyggje og handtere akutte svoltkriser.

Kap. 164 Likestilling

Post 70 Likestilling, kan overførast

Kvinners rettar og likestilling mellom kjønna er avgjerande for økonomisk og sosial utvikling og for å nå berekraftsmåla. Auka løyving vil mellom anna kunne gå til å styrkje arbeidet mot kjønnslemlesting, vald mot kvinner og barneekteskap.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 35 mill. kroner.

Post 71 FNs organisasjon for kvinners rettar og likestilling (UN Women)

Det er behov for å auke UN Women sine globale og nasjonale tiltak for styrkt likestilling mellom kjønna, gjennom normativ regelverksutvikling og innsatsar i land.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 40 mill. kroner.

Kap. 172 Multilaterale finansinstitusjonar og gjeldslette

Post 70 Verdsbanken, kan overførast

Det er eit mindrebehov på posten grunna at det endelege årlege beløpet i avtalen med Verdsbanken vart litt lågare enn estimert.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 0,2 mill. kroner.

Post 71 Regionale bankar og fond, kan overførast

Det er utbetalt eit lågare beløp enn lagt til grunn i saldert budsjett for 2026 grunna valutakurs på utbetalingstidspunkt for IDB Invest (privatsektordelen av den interamerikanske utviklingsbanken) og det nordiske utviklingsfondet (NDF).

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 3,7 mill. kroner.

Kap. 179 Flyktningtiltak i Noreg

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Regelverket til Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD) sin utviklingskomité (DAC) inneber at visse utgifter til flyktningar og asylsøkjarar sine opphald i løpet av det første året i Noreg kan klassifiserast som offisiell utviklingshjelp (ODA). Nye overslag frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet og Kunnskapsdepartementet tilseier at flyktningutgiftene i Noreg under desse departementa som kan godkjennast som ODA til saman blir lågare i år enn budsjettert etter revidert nasjonalbudsjett for 2026.

Løyvinga i revidert nasjonalbudsjett var basert på eit planleggingstal på 14 900 flyktningar og asylsøkjarar i 2026, inkludert 9 600 frå Ukraina under ordninga om mellombels kollektivt vern. Utlendingsdirektoratet sine planleggingstal er no reduserte til at det vil kome 11 100 til Noreg i år, der 8 200 kjem inn under ordninga for mellombels kollektivt vern. Det blir i denne samanheng vist til nærmare omtale i dei respektive departementa sine proposisjonar.

Det kjem også færre pasientar som er medisinsk evakuerte frå Ukraina (medevac) for behandling i Noreg enn estimert for 2026. Refusjon for dei ekstraordinære utgiftene helseføretaka har til desse medevac-pasientane kan derfor reduserast. Det var i utgangspunktet lagt til grunn at medevac-pasientane i hovudsak ville vere soldatar som vart skadde på slagmarka. Over tid har det vist seg at fleire av pasientane som blir evakuerte til Noreg er sivile med sjukdommar som er krevjande å behandle i eit land i krig, til dømes kreftpasientar. Nokre av desse pasientane treng behandling i meir enn 12 månader. Helseføretaka har blitt kompenserte for desse utgiftene over kap. 3700 *Helse- og omsorgsdepartementet*, post 03 *Refusjon av ODA-godkjente utgifter frå Utanriksdepartementet*, sjølv om grensa for ODA-godkjenning av flyktningutgifter i utgangspunktet er eitt år. Det er vanskeleg for helseføretaka å fordele kostnadene for dei enkelte pasientane innan og etter eit år i dei årlege kostnadsoverslaga, og overslaga er svært usikre. Det er derfor vanskeleg å seie kor stor del av dei estimerte medevac-kostnadene for i år på om lag 196 mill. kroner som kan vise seg ikkje å være ODA-godkjende.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 580,2 mill. kroner som i hovudsak omprioriterast til annan bistand under Utanriksdepartementet. 58 mill. kroner av reduksjonen omprioriterast til Klima- og miljødepartementets kap. 1482 *Internasjonale klima- og utviklingstiltak*, post 73 *Klima- og skoginitiativet*.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2026 under Utanriksdepartementet.

Vi HAAKON, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2026 under Utanriksdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag
til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2026 under Utanriksdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2026 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
100		Utanriksdepartementet:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	17 810 000
		frå kr 5 061 880 000 til kr 5 044 070 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast*, blir redusert med	1 000 000
		frå kr 17 410 000 til kr 16 410 000	
103		Regjeringas representasjon:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	2 000 000
		frå kr 19 912 000 til kr 21 912 000	
104		Kongefamilien sine offisielle reiser til utlandet:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	4 000 000
		frå kr 8 790 000 til kr 4 790 000	
115		Næringsfremme, kultur og informasjon:	
	71	Næringsfremme, *kan overførast, kan nyttast under post 22*, blir auka med	1 950 000
		frå kr 12 936 000 til kr 14 886 000	
116		Internasjonale organisasjonar:	
	70	Pliktige bidrag, blir redusert med	48 000 000
		frå kr 1 782 994 000 til kr 1 734 994 000	
117		EØS-finansieringsordningane:	
	79	EØS-finansieringsordninga 2021–2028, *kan overførast*, blir auka med	38 000 000
		frå kr 819 000 000 til kr 857 000 000	
	80	Den norske finansieringsordninga 2021–2028, *kan overførast*, blir auka med	32 000 000
		frå kr 747 000 000 til kr 779 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
118		Utanrikspolitiske satsingar:	
	21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast, kan nyttast under post 71, 72, 73 og 76*, blir redusert med	1 950 000
		frå kr 74 976 000 til kr 73 026 000	
	74	Forsking, dialog og menneskerettar m.m., blir auka med	1 000 000
		frå kr 37 444 000 til kr 38 444 000	
	77	Noregs forskningsråd – utanriksområdet, *kan overførast*, blir redusert med	5 000 000
		frå kr 60 000 000 til kr 55 000 000	
144		Norsk senter for utvekslingssamarbeid (Norec):	
	21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast*, blir redusert med	4 000 000
		frå kr 10 602 000 til kr 6 602 000	
150		Humanitær bistand:	
	70	Naudhjelp og humanitær bistand, *kan overførast*, blir auka med	203 823 000
		frå kr 4 836 481 000 til kr 5 040 304 000	
151		Fred, tryggleik og globalt samarbeid:	
	73	FNs innsats for reform og fredsbygging, *kan overførast*, blir auka med	5 000 000
		frå kr 238 138 000 til kr 243 138 000	
	74	Pliktige bidrag til FN-organisasjonar m.m., blir redusert med	19 762 000
		frå kr 392 185 000 til kr 372 423 000	
152		Menneskerettar:	
	70	Menneskerettar, *kan overførast*, blir auka med	20 000 000
		frå kr 683 993 000 til kr 703 993 000	
159		Regionløyvingar:	
	70	Midtausten og Nord-Afrika, *kan overførast*, blir auka med	150 000 000
		frå kr 1 038 815 000 til kr 1 188 815 000	
	76	Asia, *kan overførast*, blir auka med	32 000 000
		frå kr 401 503 000 til kr 433 503 000	
	77	Latin-Amerika og Karibia, *kan overførast*, blir auka med	10 000 000
		frå kr 118 432 000 til kr 128 432 000	
161		Utdanning, forsking og offentlege institusjonar:	
	70	Utdanning, *kan overførast*, blir auka med	50 000 000
		frå kr 566 798 000 til kr 616 798 000	
	74	Noregs forskningsråd – utviklingsområdet, *kan overførast*, blir redusert med	40 000 000
		frå kr 166 500 000 til kr 126 500 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
162		Næringsutvikling, matsystemer og fornybar energi:	
	71	Mattryggleik, fisk og landbruk, *kan overførast*, blir auka med	40 000 000
		frå kr 1 327 966 000 til kr 1 367 966 000	
164		Likestilling:	
	70	Likestilling, *kan overførast*, blir auka med	35 000 000
		frå kr 273 319 000 til kr 308 319 000	
	71	FNs organisasjon for kvinners rettar og likestilling (UN Women), blir auka med	40 000 000
		frå kr 100 300 000 til kr 140 300 000	
172		Multilaterale finansinstitusjonar og gjeldslette:	
	70	Verdsbanken, *kan overførast*, blir redusert med	163 000
		frå kr 1 271 109 000 til kr 1 270 946 000	
	71	Regionale bankar og fond, *kan overførast*, blir redusert med	3 672 000
		frå kr 1 141 400 000 til kr 1 137 728 000	
179		Flyktningtiltak i Noreg:	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir redusert med	580 218 000
		frå kr 3 357 582 000 til kr 2 777 364 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3100		Utanriksdepartementet:	
	02	Gebyr for utlendingssakar ved utanriksstasjonane, blir redusert med	56 500 000
		frå kr 316 300 000 til kr 259 800 000	

II

Tilsegnsfullmakter

Stortinget samtykker i at Utanriksdepartementet i 2026 kan gi tilsegn om tilskot utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
118		Utdanning, forsking og offentlege institusjonar	
	77	Noregs forskingsråd – utanriksområdet	219,2 mill. kroner
161		Utdanning, forsking og offentlege institusjonar	
	74	Noregs forskingsråd – utviklingsområdet	807,1 mill. kroner

III

Fullmakt til postering mot mellomværende med statskassa

Stortinget samtykker i at Utanriksdepartementet i 2026 kan:

1. føre utestående gjeldsbrev til Det felles fond for råvarer (CFC) mot mellomværende med statskassa inntil det er avvikla. Direktoratet for utviklingssamarbeid (Norad) gis fullmakt til å føre utestående gjeldsbrev til Den internasjonale bank for gjenoppbygging og utvikling (IBRD) for Den globale miljøfasiliteten (GEF) mot mellomværende med statskassa inntil dei er avvikla.

Trykksak
2041 0446

Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon